

Vedtak i regionrådet 29.8.08

1. Regionrådet sluttar seg dei overordna måla for skuleeigarrolla slik det kjem til uttrykk i "Den gode skuleeigaren i Sogn – overordna mål" med følgjande tillegg pkt 3c: "Setja tydelege og etterprøvbare mål for skuledrifta knytt til t.d. elevtrivsel, skuleresultat." Kommunane blir oppmoda om å leggje dette dokumentet saman med vedlegget (tiltaksdelen) til grunn for det vidare arbeidet med skuleeigarrolla.
2. Regionrådet ber om at kommunane innan 1.1.09 prioriterer område dei tar sikte på å vidareutvikle. Det bør også utarbeidast ein strategi for dette arbeidet. Kommunane blir oppmoda om å involvere aktørar både frå skuleeigar (politisk og administrativt nivå) og frå skulane i denne prosessen.
3. Regionrådet vil med utgangspunkt i ei oppsummering av røynslene med dette arbeidet i kommunane ha skuleeigarrolla som sak på eit møte våren 2009.